

Helse og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref: Vår ref: Sakshandsamar:
17/142 Ola Rye, 95798600

Bergen, 02.03.2017

Høyring – NOU 2016:25 Organisering og styring av spesialisthelsetjenesten

Vi viser til brev frå Helse og Omsorgsdepartementet til Helse Vest RHF av 5. desember 2016 der det blir invitert til å gje uttale til forslaga i NOU 1016:25 Organisering og styring av spesialisthelsetjenesten.

I Helse Vest er det lagt opp til at helseføretaka i regionen gjev sine egne høyringsuttalar. Sjukhusapoteka Vest HF er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF.

Sjukhusapoteka Vest stiller seg bak utvalet sin konklusjon om å vidareføre eit regionalt avgjerdsnivå i spesialisthelsetenesta og vidareføre helseregionane slik dei er i dag. Dei regionale sjukhusapotekføretaka i Norge var gjenstand for utgreiing om samanslåing til eit nasjonalt føretak i 2016. I utgreiinga konkluderte ein med å vidareføre dei regionale føretaka som har ein sterk regional og lokal forankring. Ein vurderte og risiko og kostnad som høg ved samanslåinga utan at ein kunne peike på tilsvarende gevinstar ved samanslåinga. Risiko var m.a. knytt til roller og ansvar, kompleksitet innan IKT, behalde tilsette samt å sikre vidareføring av sjukhusapoteka sitt tette samarbeid med sjukehusa og regionale helseføretak. Sjukhusapoteka Vest er av det syn at apotekdrifta i spesialisthelsetenesta er best tent med ei sterk regional forankring og tett samhandling med lokale sjukhusføretak i regionen. Dette kan ein best oppnå med eit regionalt avgjerdsnivå.

I spørsmålet om organiseringa innanfor helseregionane var utvalet delt. Sjukhusapoteka Vest vil sjå det som formålstenleg å vidareføre dagens modell der sjukhusapoteka er eige føretak, eigd av helseregionen og med eige styre.

Sjukhusapoteka Vest har vore eige føretak med eige styre sidan 2001. Dette har bidrege til openheit, offentlegheit og transparente prosesser i føretaket. Det er etablert gode system for involvering av medarbeidarar, tillitsvalde og vernetenesta i føretaket. Dette har bidrege til gjennomføringskraft og effektivitet i nødvendige omstillingsprosessar, der fokus har vore på samordning av drifta innan føretaket med tanke på å sikre konsistent kvalitet og effektivitet i leveransar til sjukehus og kommunar.

Sjukehusapoteka Vest sitt styre har ekstern styreleiar. Resterande styremedlemmer representerer toppleiinga i sjukehusføretaka og representantar frå dei tilsette. Styresamansetninga styrker fokus og samarbeidet om apotekdrifta i regionen i tillegg til at sjukehusapotekføretaket deltek i regional styringsdialog, nettverk og prosjekt. Dette er forhold som vil verte svekka om ein avviklar føretaket og styret.

Sjukehusapoteka Vest er underlagt konsesjonsplikt etter Apoteklova med eigarkonsesjon på føretaksnivå og driftskonsesjon på apoteknivå. Ved ei avvikling av føretaket må eigarkonsesjon flyttast til det regionale helseføretaket. Det er så langt vi kan sjå ikkje noko i Apoteklova som hindrar dette, men spørsmålet bør eventuelt avklarast nærmare.

Det må vere ein føresetnad at dersom ein skal endre organiseringa av spesialisthelsetenesta må det vere fordi ein har klart å identifisere ein modell som er betre egna til å møte dei utfordringane spesialisthelsetenesta står ovanfor. Ein slik modell er i dag vanskeleg å få auge på.

Sjukehusapoteka Vest vil vise til at helseføretaksmodellen har vore gjenstand for utvikling – til det betre – gjennom dei åra helseføretaka har eksistert, og det er vår vurdering at ein vidareføring av dagens føretaksstruktur med merksemd på gradvis vidareutvikling og forbetring står fram som den mest robuste og minst risikofylte løysinga.

Sjukehusapoteka Vest vil understreke at det er vår vurdering at alle dei modellane som er omtalt i utgreiinga vil føre til sentralisering, noko vi ser på som ei lite ønska utvikling. Sjukehusapoteka Vest vil understreke betydinga av å behalde eit regionalt avgjersnivå. Noko anna vil innebere sentralisering, det vil bety mindre legitimitet for dei avgjersler som skal takast, og det vil gi eit dårlegare utgangspunkt for å utvikle gode regionale samarbeidsrelasjonar.

Sjukehusapoteka Vest vil tilrå at gjeldande føretaksstruktur for organisering og styring av spesialisthelsetenesta blir vidareført og vidareutvikla. Dagens modell framstår som det klart beste alternativ samanlikna med dei modellane som utvalet har vurdert.

Venleg helsing

Ola Rye
Konstituert Administrerande direktør